



INSTRUKS TIL MAL FOR EKSAMENSOPPGÅVER

- **Det må visast særleg varsemd når det gjeld sikkerheita ved utarbeiding, utskrift, kopiering og oppbevaring av eksamensoppgåver.**
 - * fysisk sikring av PC ved fråvær – lokal PC er ikkje sikker
 - * ikkje la eksamensoppgåver bli liggjande på skrivaren og ikkje forlat skrivaren mens du kopierer
 - * ver merksam på at nokre skrivarar og kopimaskiner har minne
- Eksamensoppgåvene skal skrivast og kopierast ved institutta. *Ta 5 ekstra kopier.*
Emnekode, eksamensdato, talet på kopiar og hjelpemiddelkode skal påførast konvolutten.
Oppgåvene skal leverast til Studieavdelinga **minst 3 – tre – arbeidsdagar før eksamen.**
- Oppmeldingslistene (Arbeidsliste 1 – eksamensmelding) inneheld informasjon om kor mange studentar som ønskjer eksamensoppgåvene skrivne på **bokmål og nynorsk**. Dersom minst éin student ønskjer eksamensoppgåva på nynorsk, skal oppgåva skrivast **både på bokmål og nynorsk**. Dersom det er plass, skal begge målformene skrivast på same sida. Er det fleire sider, skal dei kopierast og stiftast saman, ev. tosidig kopiering.
Består eksamensoppgåva av fleire sider **skal** sidetalet påførast oppgåva og alle sider nummererast.
- Eksamensoppgåvene **skal** vere påførte **emnekode, emnenamn, eksamensdato, eksamenslengd (timetal) og faglæraren sitt namn og interntelefonnummer, eventuelt òg mobilnummer.**
- Består eksamensoppgåva av deloppgåver, **skal det opplysast om kor mykje kvar av dei tel.**
- Bruk av hjelpemiddel **skal vere i samsvar med nettverson av Studiehåndboka** og skal vere oppgitt øvst på side 1 i eksamensoppgåva:

”Utfyllende bestemmelser til kapittel 12

Ad. 12-1 *Alle medbrakte hjelpemidler skal enkeltvis kontrolleres av eksamensvaktene*

Ad. 12-2 *Tillatte hjelpemidler skal være i samsvar med følgende koder:*

A1: ingen kalkulator, ingen andre hjelpemidler

A2: ingen kalkulator, spesifiserte andre hjelpemidler

B1: utdelt kalkulator, ingen andre hjelpemidler

B2: utdelt kalkulator, spesifiserte andre hjelpemidler

C3: alle typer kalkulatorer, alle andre hjelpemidler

Ad. 12-3 *All bruk av mobiltelefon eller elektroniske hjelpemidler som inneholder kommunikasjonsutstyr, i eller utenfor eksamenslokalet, betraktes som fusk.*

Med alle typer kalkulatorer menes en lommekalkulator eller en liten PC som ikke er knyttet til strømmettet eller skriver, som ikke kommuniserer med andre enheter, som ikke støyer og som bare består av en enkelt gjenstand.”

Studieavdelinga disponerer enkle kalkulatorar for utdeling.

Dersom det skal delast ut spesielle hjelpemiddel (tabellar, steinprøver og liknande), må det opplysast om det øvst på første sida av eksamensoppgåva, og Studieavdelinga må få melding om det samtidig som eksamensoppgåvene blir leverte inn.

- Eksamensoppgåvene **skal vere underskrivne av lærar(ar) og, om mogleg, av sensor. Berre maskinskrive namn blir ikkje godteke som underskrift.**
- **Ansvarleg lærar må vere til stades på kontoret sitt/tilgjengeleg på telefon(eventuelt mobiltelefon) eksamensdagen (inkl. lunsj)** av omsyn til eventuelle uklare punkt og spørsmål frå studentane. Dersom han ikkje kan det, må han **sørgje for avløysar!**
- Alle ved institutta som arbeider med eksamensoppgåver har **teieplikt.**
- Studieavdelinga har lagt ut ein **mal for eksamensoppgåver** på nettsidene til Studentenes informasjonsTorg (SIT), under ”Skjema og maler”, pkt. 4 Eksamen og Sensur.